

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lindås.

Emne: Julenissen.

Bygdelag: Indre-Nordhordland.

Oppskr. av: Martin Toft.

Gard: Toft.

(adresse): Askelandsvåg.

G.nr. 18, Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

1. Julenissen som delar ut julegåver har ikkje lenge vore kjend her i praksis. Seier ein han har vore kjend meire enn 30 år, vert han vel for gamal. Fyrste gongen eg veit julenissen var ute med gåver var i jola på ei songarfest. Det var vel i 1925. Men det kan vel henda at han i einstilte heimar hadde vore ute før.

Det var vel julekort og julehefter som hadde gjort han kjend her teoretisk, men det undrar meg ikkje om han er innført frå Bergen i praksis. Bygda ligg ikkje meire enn 2 - 3 timars reise frå denne Byen. Der har julenissen halde til lenge.

2. Med omsyn til kva gåver julenissen har med seg kan det ymsa mykje. Til sume heimar kjem han med alle jolegåver, joleaftan, i andre heimar kjem han frå ein annan huslyd med smågåver. Elles er det i dei fåaste heimar julenissen er ute og går her i bygda. Skikken har liksom ikkje slege i gjennom endå.

3. Det er borna sjølve i konfirmasjonsalderen som ståkar mest med dette. Ein yngre tenestedreng tek dette arbeidet gjerne på seg. Då han oftast høyrer huset til, må han lita seg med den vanlege julekoster

2

utan å få noko ekstra. Er det ein fram^{and} som er ute og går, byr ein han gjerne drikka og mat for det kan han ikkje ta i mot utan å ta maska av seg.

4. Har ein nasjonalklæde til nissen er det grummast, svarte låge sko, kvite sokkar, svart knåbrok, raud vest, kvit skjorte og raud topphue. Så har han ei maska med raude kjakar og kvitt skjegg. Gåvene ber han helst i ei korg, har han mykje gåver, nytta han ei kipa.
5. Ein kjøper ikkje noko utstyr, har ein ikkje nasjonalklæde, må han nøya seg med at dei spjåkar han ut med ymse kledeplagg, slik at han til sine tider vetskræmer ~~h~~. smborna.
6. Dei har ikkje annan julebukk enn den som er skildra i punkt 5.
7. Julebukkar har^{ein} mest aldri.
8. Ein set ikkje den nye julenissen i samband med den gamle nissen som fekk jolegråt på låven.
9. Ein har ikkje forteljingar om at juleggåver har kome eller kjem på merkelege måtar.

---o-o---

5466

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING